HAREID IL

Reglar Grendacupen 2026

Grendacupen blir avvikla i Hareidhallen 28. og 29. desember
Det er Fotballgruppa i Hareid idrettslag som er arrangør.
Grendacupen er ei innandørsturnering i fotball, der den overordna målsettinga er å ha "fotballmoro" på tvers av klubb- og aldersgrensene.

Kampar:
Dei innleiande kampane går over 1 x 15(12) minutt.
I finaleomgangane aukar speletida til 1 x 20 minutt. (Speletid per kamp kan reduserast ved behov.)

Namn:
Ein del av sjarmen med Grendacupen er at spelarane kan danne nye lag frå år til år, og gi desse namn. Toleransegrensene er vide, men vi vil be deltakarane om å ikkje bruke namn som kan verke krenkande og støytande.
Maks tal på bokstavar i eit lagnamn er 20 bokstavar, for å gjere det enklare for statistikkførarane.
Arrangøren føreheld seg retten til "omdøyping" av namn på lag.
Grendacupen har vore avvikla sidan 1994. Årets utgåve er den 31.i rekka, ettersom den har vorte avlyst i 2020 og 2021 grunna korona pandemien.

Klassar:
Det vert avvikla kampar i fire klasser: senior menn, senior kvinner og ungdom jenter og ungdom gutar.
Dameklassa vert avvikla i si heilheit over 1 dag, måndag 29.des.

Ungdomsklassene:
I ungdom blir det innført ny regel, der dei yngre laga startar med ei straffe pr år dei er under 15. Det vil seie at 13 åringane startar med 2 straffer mot 15 åringane. Eldste spelar definerer kva årsklasse laget vert definert i.

Påmelding:
Bruk skjema som ligg nedst på sida.
Påmeldinga skal innehalde namn på laget, klasse, kontaktperson med mobilnr, mailadresse og spelarar med fødselsår. Fristen for påmelding er 12. desember!

"Utlendingsregel"
* Eit herrelag kan nytte inntil 4 "utlendingar".
* Ein utlending er ein spelar som ikkje har budd minst tre år i Hareid kommune.
* Eller ikkje har spelt minst 50 kampar (a og/eller b) for Hareid (jamfør adelskalenderen).
* Dei som har spelt kampar for Hareid a-lag, Hareid 2 eller Hareid junior i inneverande sesong, og står framleis i Hareid IL Fotball ved sesongens utløp blir rekna som hareidsdølar.
* Dei som er medlemmer i den offisielle Grendacup-komiteen (styret) opplyst på nettsida under aktuelt årstal er heller ikkje utlendingar.

Senior menn:
(f. 2010 og før):
Maksimum 10 påmelde spelarar pr. lag.
4 utespelarar + målvakt på bana om gongen.
Påmeldingsavgift 1000,-kr pr lag.

Senior kvinner:
(f. 2010 og før):
Maksimum 10 påmelde spelarar pr. lag.
4 utespelarar + målvakt på banen om gongen.
Påmeldingsavgift kr 1000,- per lag.
Ingen "utlendingsregel"

Ungdomsklasse:
(f. 2011, 2012, 2013 og 2014.):
Maksimum 10 påmelde spelarar pr. lag.
4 utespelarar + målvakt på banen om gongen.
Påmeldingsavgift kr 800,- per lag.
Ingen "utlendingsregel".

Maksimalt antal spelarar som kan vere med er 10 stk. Er det registrert inn 8 spelarar på laglista til dag 1, så kan ein legge inn 2 nye spelarar til dag 2, altså maksimalt 10. Det er ikkje lov å bytte ut spelarar på laglista etter at denne er levert inn og ein har betalt dag 1 før første kamp. Er det registrert inn 10 spelarar dag 1, har ein nytta maksimal grense og får ikkje legge inn nye spelarar dag 2.